

**MERKNADSSKJEMA**

FORSLAGSSTILLAR SINE KOMMENTARAR TIL INNKOMNE MERKNADER OG UTTALAR – varsel om oppstart av planområdet

**Plannamn: Detaljregulering for Aldalen akvakulturområde****PlanID: 20220300****Dato / revisjonsdato: 30.05.2023**

Merknader under er motteke til varsel om oppstart 03.05.2022, merknadsfrist 17.06.2022:

Avsendar	Hovudpunkt i merknaden	Forslagsstillar sin kommentar	Kommunen sin kommentar
<b>Leif Arne Boge (107/19) dato 05.05.22</b>	<p>Meiner at oppdrettsanlegg i Samnanger og Bjørnafjorden tek opp meir enn nok areal. Det er store utfordringar med oppdrett i form av parasitter, rømming, høg dødelegheit og dårleg fiskevelferd på laks og leppefisk samt forureining.</p> <p>Har vore med å produsert impregnering til nøter og meiner dei inneheld stoff som kan forureine. Skriv og at Aldalen var fiskeplass tidlegare generasjonar brukte, og at denne staden er redusert og vil verta øydelagt med utviding.</p>	<p>Ved varsel om oppstart vart det varsla eit mykje større område enn faktisk behov. Dette for å få med alle partar tiltaket kan ha innverknad på, også dei som ikkje grensar til anlegget men som har utsyn til anlegget. Plangrensa er sidan oppstart korta inn til faktisk behov, og er betydeleg mindre enn ved varsel om oppstart.</p> <p>Planforslaget legg opp til at dagens anlegg skal utvidast med to ringar og plasserast med ei orientering på ca. 170 grader frå nord. Midtpunktet på anlegget vil liggje ca. 170 meter lenger nord i høve til dagens plassering. Dette er synt i planen.</p> <p>Gjennom planarbeidet er fjordens tilstand kartlagd mellom anna ved botnundersøkingar, og tiltakets påverknad på naturmangfald i sjø er utgreia gjennom konsekvensutgreiing for naturmangfald i sjø. Desse er lagt ved som vedlegg til planen.</p>	<p>Planområdet vil bli redusert til å dekke faktisk behov.</p> <p>Merknad vert ivaretatt i vidare planarbeid.</p>

<b>Tor Ingebregtsen (109/13)</b> dato 11.05.22	Eig eigedom 109/13 i gamle Fusa kommune og lurar på om dette tiltaket vil råka han.  Han takkar for orientering og ynskjer lukka til.	Kartskisse vart sendt over og forklaring gjeve. Ved varsel om oppstart vert det varsla partar som også har utsyn til anlegget og som nødvendigvis ikkje grensar til planområdet	Til orientering
<b>Monica Sagen (80/2)</b> dato 18.05.22	Skriv at ho har ein lakserett på gnr. 80, bnr. 2 og lurar på om tiltaket vil ha innverknad på denne.	Planforslaget seier noko om framtidig utnytting av arealet i området. Planen endrar ikkje lakserettar eller andre private rettार til partane.	Reguleringsplan endrar ikkje gjeldande private rettार.
<b>Samson Bøgevik (86/24, 101)</b> dato 19.05.22	Skriv at kartet ved oppstart viser ei avgrensing langs stranda deira og at dei ikkje veit kva konsekvensar dette får å seie for dei. Vidare ynskjer dei ikkje eit anlegg i nærområdet som legg restriksjonar langs stranda.	Plangrensa er sidan varsel om oppstart endra til ei mindre geografisk avgrensing. Anlegget skal framleis liggja i Aldalen og vil ikkje leggje restriksjonar langs stranda til Bøgevik.	Planområdet vil bli redusert til å dekke faktisk behov.
<b>Haldor Rød (80/1)</b> dato 29.05.22	Skriv at hans gardsbruk har ei laksenotrett i Aldalen og lurar på kva som vil skje med denne.	Planforslaget seier noko om framtidig utnytting av arealet i området, og vil såleis ikkje endre private rettार til partane. Laksenotretten vil gjelde framleis.	Reguleringsplan endrar ikkje gjeldande private rettार.

<p><b>Kystverket</b> <b>dato 01.06.22</b></p>	<p>Lokalitet Aldalen ligg i arealet til bileia Samnangerfjorden, men ikkje i konflikt med kvit sektor. Det er moderat skipstrafikk i fjorden, og ein del av denne trafikken er til/frå lokalitet Aldalen. Det er viktig at det ikkje vert planlagt for tiltak som avgrensar sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken. Dei gjer særleg merksam på at fortøyingsarrangement som er skissert strekt over fjorden, kan ha konsekvens for skipstrafikken og må vurderast opp mot sikker ferdsel for sjøtrafikken i det vidare arbeidet.</p> <p>Konsekvensutgreiing – Minner om at etablering av tiltak i eller nær sjø kan få verknad for trygginga av og framkomst i farvatnet, og skal difor vere del av utgreiingsarbeidet.</p> <p>ROS-analyse – Skriv at kommunen i sin ROS-analyse må syne kva ein endra arealbruk vil ha å seie for omgjevnadane, og på kva måte omgjevnadane kan påverke arealbruken i planområdet. Kystverket si vurdering er at følgjande tilhøve kan ha særleg verknad for tryggleik, ferdsel, forsvars- og beredskapsinteresser i farvatnet, og at dette er tilhøve ein må gje særleg fokus i kommunen sin ROS-analyse:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Bølgjepåverknad frå skipstrafikk</li><li>• Innsnevra farvatn (kollisjonsrisiko)</li></ul> <p>Fortøyingsarrangement</p>	<p>Arealet som er sett av til akvakultur er vurdert opp mot farleia i planarbeidet. Dette er mellom anna skildra i planomtalen.</p> <p>ROS-analysen har identifisert moglege uønskte hendingar knytt til tema:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Sterk vind (storm), bølger og strømmingar</li><li>2. Stormflo (høg vasstand)</li><li>3. Skred</li><li>4. Farer relatert til anleggsarbeid: Ulykker i samband med anleggstrafikk (båttrafikk) og etablering/montering</li><li>5. Skipshavari</li><li>6. Brannfare</li></ol>	<p>Merknad vert ivaretatt i vidare planarbeid.</p>
---	---	--	--

<p><b>Arne Bogevik</b> <b>dato 09.06.22</b></p> <p><b>16.06.22</b></p>	<p>Stiller spørsmål ved at det er varsle eit stort område ved oppstart og om dagens anlegg skal flyttast lenger inn i Samnangerfjorden. Lurer vidare på om området vil få begrensingar for ålmeinta og bruk av området, begrensingar på fiske og annan fritidsaktivitet i planområdet.</p> <p>Syntest i utgangpunktet av varsle område var for stort. Etter korrespondanse med Multiconsult 09.06.22 og svar på e-post har han ikkje merknader til planen.</p>	<p>Ved varsel om oppstart vert det varsle eit mykje større område enn faktisk behov. Dette for å få med alle partar tiltaket kan ha innverknad på. Plangrensa er sidan oppstarten korta inn til faktisk behov. Planforslaget legg opp til at dagens anlegg skal utvidast med to ringar, og snuast i forhold til korleis det ligg i dag. Anlegget skal framleis liggja i Aldalen og skal ikkje flyttast lenger inn i Samnangerfjorden.</p> <p>Anlegget vil ikkje leggje begrensingar for planområdet anna enn dei begrensingar som allereie ligg til oppdrettsanlegg i dag: At det er forbode å fiske nærare enn 100 meter frå oppdrettsanlegg. Det er utarbeide en konsekvensutgreiing for friluftsliv, som tar for seg planforslagets konsekvensar for båt og fiske. Konsekvensutgreiinga ligg ved som eit vedlegg til planen.</p>	<p>Til orientering</p>
--	--	---	------------------------

<p><b>Vestland fylkeskommune dato 10.06.22</b></p>	<p>Klima og energi- Planforslaget må sikre at ikkje viktige omsyn til elektrifisering av norsk sokkel vert urimeleg råka av ei utviding av anlegget.</p> <p>Akvakultur- Tykkjer det er positivt for fiskehelse- og velferd og miljøet at det vert tilrettelagt for anlegg med ringar. Skriv vidare at særleg del av planområdet ligg utanfor arealsone avsett til akvakultur i regional kystsoneplan( KMD 20.03.2020).</p> <p>Kulturminne og kulturmiljø- Bergens sjøfartsmuseum opplyser at området kan ha potensial for funn av verna eller automatisk freda kulturminne på botnen. Dei opplyser at dei kjem til å krevje undersøking av området når saka vert lagt ut på offentleg høyring.</p> <p>Veg og transport- Ber om at det kjem fram av planarbeidet kor mykje trafikk ei utviding av anlegget vil medføre. Ber om at vegkryss og avkøyrslle som har forbindelse til anlegget vert teke med i planavgrensing og utforma etter Statens vegvesen si handbok (N100). Ber vidare om at følgjende tema vert teke omsyn til i reguleringsprosessen:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt fylkesveg (busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)</li><li>2. Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplass, daglegvare, skule m.m.)</li><li>3. Byggegrense til fylkesveg.</li></ol>	<p>Klima og energi: Vert teke omsyn til i plan.</p> <p>Akvakultur: verknader og endring av lokaliteten vert skildra i planomtalen.</p> <p>Kulturminne og kulturmiljø: Argeo har gjennomført surveys av Samnangerfjorden i samband med legging av ny straumkabel. Resultat av undersøking vart sendt over til Bergens sjøfartsmuseum med spørsmål om undersøkinga også dekker området Aldalen.</p> <p>Sjøfartsmuseet v/Selma Lauvland svara i e-post 02.08.22 at etter gjennomgått tilsendt ROV data er undersøkelsesplikt oppfylt. Sjå også kommentar til Bergens sjøfartsmuseum dato 02.08.22.</p> <p>Veg og transport:</p> <ol style="list-style-type: none"><li>1. Varetransport til/frå området føregår med båt. Utviding og snuing av anlegget legg ikkje opp til auke i eller varetransport langs fylkesvegen.</li><li>2. Skal ikkje gjerast tiltak knytt til FV då transport til og frå anlegget føregår sjøvegen.</li><li>3. Ikkje tiltak på veg</li><li>4. Vert utgreia som del av planarbeidet.</li></ol> <p>Friluftsliv er konsekvensutgreidd som del av planarbeidet. Kulturminne, landskap og kulturmiljø er omtala i planomtalen.</p> <p>Transport til/frå anlegget føregår sjøvegen. Ein ser det difor ikkje som naudsynt å inkludere avkøyrslle eller FV innanfor planområdet.</p>	<p>Merknad vert ivaretatt i vidare planarbeid.</p>
--	--	--	--

4. Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.

Oppsummert:

VLFK ber om at planarbeidet legg særleg vekt på omsyn til friluftsliv, landskap og ev. kulturminne. Planen må gjere greie for verknader og endring av lokaliteten. Det kan sjå ut som særlegaste del av planavgrensing ligg i arealsona utanfor sone avsett til akvakultur i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Ber om at det kjem fram kor mykje trafikk ei utviding av anlegget vil medføre. Ber om at avkøyrsløse tilknytt anlegget vert teke med i planavgrensinga og i samsvar med SVV handbok N100.

<p><b>Eivind og Barbette Amundsen (82/26)</b> dato 12.06.22</p>	<p>Er i mot at det er avsett så stort område til akvakultur. Skriv at fjorden rundt Lønningdalområdet må tilhøyre ålmeinta for fisking, bading og naturopplevingar. Seier vidare at dagens avgrensing er i orden.</p> <p>Meiner snuing av anlegget bør vente til ein ny straumkabel til NoaKrafla feltet er godkjent. Spør om ny plassering av anlegget er avklara med NoaKrafla.</p> <p>Skriv vidare at planområdet råkar fiskeplassar og badeplassar, og at det ved Hetlevika må takast omsyn til skilt «Fuglereservat».</p> <p>Skriv at det ikkje er spesifisert kva som er tenkt i planområdet. 82/26 fekk for ca. 2 år sidan presentert skisser av ein serviceflåte like utanfor naustet deira. Dei etterspør om Bolaks har gått vekk frå desse planane. Viser vidare til strandrett framfor naustet med tilhøyrande tilflotsrett. Dei viser til tidlegare kommentarar og situasjonskart i høve nabovarsel utplassering av serviceflåte datert 05.04.2020.</p>	<p>Ved varsel om oppstart vert det varsla eit mykje større område enn faktisk behov. Dette for å få med alle partar tiltaket kan ha innverknad på. Plangrensa er sidan oppstart korta inn til faktisk behov. Planforslaget legg opp til at dagens anlegg skal utvidast med to ringar, og snuast i forhold til korleis det ligg i dag. Snuinga og endra plassering er i samråd med NoaKrafla sine planar, og vil verta gjennomført etter at ny straumkabel er plassert. Anlegget skal framleis liggja i Aldalen. Anlegget vil ikkje leggje begrensingar for strandsona eller tilflot ved 82/26.</p> <p>Anlegget vil ikkje leggje begrensingar for planområdet anna enn dei begrensingar som allereie ligg til oppdrettsanlegg i dag: At det er forbode å fiske nærare enn 100 meter frå oppdrettsanlegg. Det er utarbeide en konsekvensutgreiing for friluftsliv, som tar for seg planforslagets konsekvensar for båt og fiske. Konsekvensutgreiinga ligg ved som eit vedlegg til planen.</p> <p>Omsøkt tiltak frå 2020 som gjaldt utplassering av ny serviceflåte er ikkje ein del av detaljreguleringa for Aldalen.</p>	<p>Merknad vert ivaretatt i vidare planarbeid.</p> <p>Vidare planarbeidet må vise kva konsekvensar utviding av anlegget vil få for ålmenta sine interesser og bruk at tilstøytande områder.</p>
---	---	--	---

<p><b>Norges vassdrags-og energidirektorat (NVE)</b> <b>dato 14.06.22</b></p>	<p>NVE har generelt innspel til varsel om oppstart og rår til å bruke NVE sin kartbaserte rettleiar for reguleringsplan og NVE sine internettsider arealplanlegging.</p> <p>Dei ber kommunen vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentleg regionale interesser, og ber om at det vert spesifisert dersom det er konkret behov for bistand i saka. Ber om å få tilsendt planen ved offentleg høyring dersom planen rører ved NVE sine saksområde.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>NVE vil få tilsendt planen ved offentleg høyring.</p>	<p>Til orientering</p>
---	--	---	------------------------



<p><b>Marit Lønningdal mfl. (82/28)</b> <b>dato 17.06.22</b></p>	<p>Ser av planinitiativet at ein del moment er utelatne, og at andre punkt syner dårleg bakgrunnsinformasjon:</p> <p>Bjørnafjorden Vest</p> <p>Syner til at innspel Bolaks hadde til kommunedelplan for Bjørnafjorden vest, utviding av arealføremål akvakultur i sjø, har hatt stort engasjement og motstand, og meiner at kommunedelplan for dette området ikkje må bli vedteken.</p> <ol style="list-style-type: none"><li><b>1. Ferdsel</b> Etterlyser beskriving av korleis utviding av området påverkar fiskeanlegget sin trafikk, og trur den vil auke i omfang.</li><li><b>2. Meiner Multiconsult si vurdering av båttrafikken inn/ut fjorden i utsendt planinitiativ er synsing, og at denne vurderinga ikkje stemmer med allmenn oppfatning av bruken i fjorden.</b></li><li><b>3. Går ut frå at anlegget stettar dagens krav til miljø- og fiskevelferd og kan ikkje sjå at det er naudsynt å utvide arealbruken. Meiner biomassen bør reduserast dersom framtida sine krav vert strengare. Seier at breidda på fjorden vil verta redusert med endra plassering av anlegget. Skriv at nye fortøyingar inn mot land vil vere til hinder for fiske på eit større område enn i dag.</b></li><li><b>4. Friluftsliv</b> Meiner ferdsel i strandsona vert hindra då fleire gode badestrender og fiskeplassar som ligg i det utvida området. Etterlyser vurdering av badevika Kalhovden, strender rundt Lønningdal, Hetlevika og innover mot</li></ol>	<p>Kommunedelplan for Bjørnafjorden vest er plan på overordna nivå og er ein kommentar kommunen må ta stilling til.</p> <ol style="list-style-type: none"><li><b>1. Varetransport til/frå anlegget føregår med båt. Lokaltiteten er i dag godkjent for ein MTB på 1560 tonn, og utviding og snuing av anlegget legg ikkje opp til auke i produksjon og det er dermed ikkje venta auke i båttrafikk.</b></li><li><b>2. Det er nytta gode kartverky for vurdering av båttrafikk som passerar farleia kvart år. Eit av verktøya som er nytta er Kystverket sitt kystdatahuset.no.</b></li><li><b>3. Dagens anlegg er av gamal standard og vert vurdert som eit utdatert anlegg i høve til dei ynskjer ein har for framtida si tilrettelegging mot auka berekraft i næringa og i Bjørnafjorden. Dagens anlegg stettar krava til miljø- og fiskevelferd.</b></li><li><b>4. Fortøying av anlegget skal skje med ankerfeste til sjøbotn. Anlegget vil ikkje leggje begrensingar for planområdet anna enn dei begrensingar som allereie ligg til oppdrettsanlegg i dag: At det er forbode å fiske nærare enn 100 meter frå oppdrettsanlegg. Det er utarbeide en konsekvensutgreiing for friluftsliv, som tar for seg planforslagetets konsekvensar for båt og fiske. Det er også utarbeidd ein konsekvensutgreiing for naturmangfald i sjø. Konsekvensutgreiingane ligg som vedlegg til planen.</b></li><li><b>5. Sjå kommentar ovanfor.</b></li></ol>	<p>Omsøkt utviding av anlegget ved Aldalen er ikkje i samsvar med gjeldande kommuneplan eller forslag til ny kommunedelplan for Bjørnafjorden vest. Dette er grunnen til at det er krav om reguleringsplan og eigen KU før ein tar endeleg stilling til ei slik utviding.</p> <p>Vidare planarbeidet må vise kva konsekvensar utviding av anlegget vil få for ålmenta sine interesser og bruk at tilstøytande områder.</p>
--	--	--	--

	<p>Bogstrand. Ber vidare om at det vert vurdert kvalitet på vatn og sjøbotn på badeplassar.</p> <p>5. Fritidsfiske Skriv at akvakulturen allereie har øydelagt dei beste fiskeplassane, og at ved ei utviding av anlegget vil dei andre næraste fiskeplassane også verta øydelagt.</p> <p>6. Støy Bemerkar at støytilhøva i dag ikkje er tilfredsstillande og at næraste naboar har klaga til Bolaks, dei forventar at tiltak vert utført.</p> <p>7. Busetjing og befolkning Skriv at eigedomar i nærleiken får forringa markedsverdi ved ev. sal grunna at området er mindre attraktivt med innskrenking av ferdsel, friluftsliv, fritidsfiske, meir støy og mindre utsikt til uberørt natur, og at utviding av anlegget vil få stor verknad på busetjing og befolkning i området.</p> <p>8. Planområdeavgrensing Skriv at planområdet ikkje bør dekkja eit større areal enn det som er naudsynt for sjølve anlegget og ankringssona rundt, i tillegg til rasfaresoner i Rødsliane.</p> <p>9. Miljø Skriv at sjøen nedom Rødsliane vart brukt som kommunal bossfylling fram til 60-talet og ber om at det må gjerast undersøkingar med tanke på miljøgifter på alle ankringspunkt langs Rødsliane då det kan vera fare for at gamle synder vert virvla opp frå botnsedimenta.</p> <p>10. Produksjonskapasitet</p>	<p>6. Det er utarbeidd ein støyrapport, som ligg som vedlegg til planen. Det er sett krav om støy i føresegnene i samsvar med gjeldande retningslinjer.</p> <p>7. Utviding av anlegget vil ikkje føre til inngrep på land, og legg ikkje opp til stenging av utsikt då tiltaket ikkje skal liggja høgare i sjøen enn dagens anlegg gjer. Planomtalen gir greie for tema som t.d. ferdsel, fritidsfiske, friluftsliv, støy og nærmiljø.</p> <p>8. Planområdet dekkjer ikkje eit større areal enn naudsynt for anlegget, ankringssona og omsynssone for ras og skred. Sjå og tidlegare kommentar som gjeld varsla plangrense ved oppstart.</p> <p>9. Gjennom planarbeidet er fjorden sin tilstand kartlagd, både før, under og etter at planlagt tiltak er godkjent. Det er og sett på kva negativ verknad anlegget har på vasskvaliteten i fjordbassenget og verknad for biologisk mangfald av planforslaget. Dette omfattar verknad for m.a. villfisk, anadrome vassdrag, gytefelt, naturtypar, naturvern område og botnforhold.</p> <p>10. Detaljreguleringa for Aldalen legg ikkje opp til auke i produksjon. Lokaliteten har i dag eit eksisterande løyve for å kunne produsere inntil tillate biomasse (MTB) på 1560 tonn. Detaljreguleringa seier noko om bruken av arealet i området, ikkje om auke i produksjon. Det kan ikkje gjevast garanti i reguleringsplan for at produksjon ikkje skal aukast i framtida. Dersom det skal søkjast om auke seinare vil dette skje gjennom eigne søknader, og ikkje gjennom ein reguleringsplan.</p>	
--	--	--	--

	<p>Viser til at to produksjonsområde får raudt lys og må redusere produksjonskapasitet med 6 prosent. (NRK.no og fiskeriministeren sin oppdaterte trafikkllysmoell 07.06.22) Refererer frå div. saker som har omtala dette temaet.</p> <p>Viser til planinitiativ side 10 der det er sagt at det ikkje vert lagt opp til auke i produksjon i denne omlegginga, og ber om garanti for at produksjon heller ikkje vert utvida i framtida.</p> <p>11. Trua eller sårbare artar Skriv at villaksen og hummar er på raudlista og at Multiconsult si vurdering av om planen truar artar som er trua eller sårbare.</p> <p>12. Vernesone Skriv at det er fredningssone i området frå Furuneset til Bjørndalen, merka med skilt men utelatt i offentlege kartgrunnlag.</p> <p>13. Lakseførande elv og villaks Skriv at rapporten utelet at ei utviding av anlegget vil plassere lokalitet nærare det lakseførande vassdraget Lønningdalselva/Øvredalsvatnet, og av plassering er midt i vandringstrase for smolt om våren og gytefisk om hausten.</p> <p>14. Rapport frå Åkerblå AS Stiller spørsmål til undersøkelseområde og resultatet frå undersøking. Ho meiner at det burde vore undersøkt eit større område av fjordbassenget.</p> <p>15. Konsekvensutgreiing</p>	<p>11. Det er utarbeidd ein konsekvensutgreiing for naturmangfald i sjø.</p> <p>12. Sjå kommentar ovanfor når det gjeld tema som er utgreidd i planprosessen. Viser til tidlegare kommentar angående plangrense som er korta inn etter faktisk behov. Fredingssona som Lønningdal viser til ligg utanfor planområdet. Det vil likevel verte teke omsyn til influensområdet til planområdet. Temaet friluftsliv er konsekvensutgreia.</p> <p>13. Naturmangfaldet i sjø har vorte kartlagt. Det er utarbeidd ein konsekvensutgreiing, denne ligg som vedlegg til planen. Denne gjer òg greie for verknadene planen har på anadrom fisk og vassdrag.</p> <p>14. MOM C og MOM B undersøking stettar krav til undersøkelsesområde akvakulturanlegg må følgje. Gjennom planarbeidet er fjorden sin tilstand kartlagd, både før, under og etter at planlagt tiltak vert godkjent. Det er og sett på kva negativ verknad anlegget har på vasskvaliteten i fjordbassenget og verknad for biologisk mangfald av planforslaget.</p> <p>15. Ein del av bakgrunn og føremål med planforslaget er å leggje til rette for utviding av dagens anlegg for å imøtekomme framtida si tilrettelegging mot auka berekraft i samfunnet. Det er i planprosessen undersøkt og utgreidd i kva grad det finst alternative lokasjonar for oppdrettsanlegget.</p> <p>Sjå kommentar ovanfor når det gjeld kartlegging av fjorden.</p>	
--	--	--	--

	<p>Spelar inn at i tillegg til 0-alternativet og flytte-/utvidingsalternativet må utgreiast eit alternativ som inneber naudsynt flytting grunna NOAKrafla, men utan utviding. Minner om at det må gjerast undersøking av miljøgifter på ankringspunkta langs Rødsliane. Avslutningsvis tilføyer Lønningdal at dersom NOAKrafla ikkje får konsesjon må detaljreguleringa skrinleggjast.</p> <p>Konklusjon</p> <p>Er av ovannemnde grunnar sterkt imot utviding av anlegget i Aldalen. Meiner det er ulogisk å skulle utvide anlegget på eit tidspunkt Fiskeri og næringsdepartementet krev nedskalering. Dei er uroa for at ei utviding av anleggsområdet kan bane veg for utvida oppdrettsproduksjon på sikt. Dei ber om garanti for at ikkje Bolaks sin produksjon vert utvida for å unngå ytterlegare ureining i Samnangerfjorden. Bjørnafjorden kommune bør nekte å godkjenne den omsøkte utvidinga av Bolaks sin plan for Aldalen.</p>	<p>Når det gjeld tilsvar på konklusjon vert det vist til tidlegare kommentarar på dette.</p>	
--	--	--	--

<b>Fiskeri- direktoratet</b> <b>dato 23.06.22</b>	<p>Fiskeridirektoratet skriv at dei ikkje har fått kommunedelplan for Bjørnafjorden vest til uttale og kjenner ikkje til nærare detaljar i dette planarbeidet. Dei vil difor vente med å kome med uttale til dei har motteke eit ferdig utarbeidd planforslag på høyring.</p> <p>Dei peikar på at føremålet med detaljreguleringsplanen er todelt, at anlegget må flyttast grunna legging av ny straumkabel, og at Bolaks ynskjer å utvide etter framtidige behov. Fiskeridirektoratet meiner generelt at akvakultur som planføre mål skal vera tilstrekkeleg avklara i overordna plan, og at ei utviding primært skal takast gjennom ein revisjon av KPA. Dei set seg ikkje imot oppstart men vil vente med uttale til det føreligg forslag til planprogram og konsekvensutgreiing.</p>	<p>Dette vert teken til orientering, Fiskeridirektoratet vil få tilsendt ferdig utarbeidd planforslag på høyring.</p>	<p>Til orientering</p>
<b>Bergen Havn</b> <b>dato 27.06.22</b>	<p>Ber om at det ikkje bør setjast av større areal i sjø til enkeltinteresser enn det som er nødvendig.</p>	<p>Planområdet skal ikkje dekke eit større areal enn naudsynt for anlegget, ankringssona og omsynssone for ras- og skred.                  Sjå og tidlegare kommentar som gjeld varsla plangrense ved oppstart.</p> <p>Teke til orientering, Bergen Havn får tilsendt ferdig utarbeidd planforslag på høyring.</p>	<p>Planområdet vil bli redusert til å dekke faktisk behov.</p>

	<p>Oppstart viser ikkje konkrete tiltak og ber difor om å få tilsendt ferdig utarbeidd planforslag på høyring.</p> <p>Kan ikkje på dette stadiet sjå at planane vil kome i konflikt med interesser som Bergen Havn er sett til å ivareta.</p> <p>Gjer vidare merksam på at tiltak som kan påverke sikkerheit eller ferdsel i sjø krev tillating etter Havne- og farvannsloven. Til orientering er mynde etter Havne- og farvannloven delt mellom Kystverket og Bergen Havn. Orientering om denne søknadsplikten bør etter vår vurdering takast inn i reguleringsføresegnene.</p>	<p>Teke til orientering. Det vert ikkje planlagt for tiltak som avgrensar sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken.</p>	
<b>Åge Lønningdal (82/21) dato 04.08.22</b>	<p>Skriv ok.</p>	<p>Ingen kommentar.</p>	<p>Til orientering</p>
<b>Bergens sjøfartsmuseum dato 02.08.22</b>	<p>Bergens Sjøfartsmuseum varsla krav om marinarkeologiske registreringar 23.05.2022, men etter gjennomgang av tilsendt ROV data er undersøkingsplikten oppfylt. ROV undersøkinga viste fleire vrak, men ingen som er beskytta av kulturminneloven § 14.</p> <p>Det er framleis mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk, flint eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med kulturminnelova.</p>	<p>Takast til orientering.</p> <p>Sikra i føresegner.</p>	<p>Til orientering</p>


<b>Statsforvaltaren i Vestland</b> dato 16.06.22	<p>1. Kommunen vurderer i si politiske handsaming av oppstart av detaljplanarbeidet, at det ikkje er hensiktsmessig å vente til full rullering av arealdelen av kommuneplanen for å avklare spørsmål om endra arealbruk i denne saka. Arbeidet med elektrifisering av norsk sokkel og kabel til Nordsjøen gjer det naudsynt å avklare spørsmål om flytting og utviding så tidleg som mogleg. Statsforvaltaren er ikkje einig i dette. Dei ser at det kan vere trong for flytting av anlegget grunna nasjonale interesser og seier at plantema kan innskrenkast til det i første omgang. Dei seier vidare at varig lokalisering og ytterlegare utviding av akvakulturanlegg høyrer heime på kommuneplannivå, der alternative plasseringar og samla belastning kan verte vurdert på ein heilskapleg måte. SFVL har ikkje motsett seg oppstart av planarbeidet under føresetnad at planen vert konsekvensutgreidd på ein tilstrekkeleg måte. Det er då særdeles viktig at ein får utgreidd alternative lokaliseringar som om det skulle inngå i ein kommuneplanprosess for heile kommunen, med ei reell og vid utgreiing.</p>	<p>1. Planforslaget omfattar drøfting og vurdering av alternative lokalitetar.</p>	<p>Det skal vurderast alternative plasseringar av anlegget i vidare planarbeid.</p> <p>Øvrige merknaden vert elles tatt med og vurdert i det vidare planarbeidet.</p>
---	--	--	---

	<ol style="list-style-type: none"><li>2. SFVL legg til grunn at nyaste, anerkjente metodikk for utgreiing av konsekvensar for klima og miljø, rettleiar M-1941, og ber om at for fullstendig KU som tek vare på alle omsyn og tema i forskrift om KU § 21, må Miljødirektoratet sin rettleiar supplerast med fagrettleiarar utgitt av andre direktorat og departement.</li><li>3. Skriv at det er viktig at KU vert gjort grundig og at den går utover berre den lokaliteten som planen omhandlar, og sjå fjordsystemet i ein større samanheng, med vinkling opp mot lakse- og innlandsfiskloven, samt naturmangfaldlova. Forureining og Samnangerfjorden som ein terskelfjord må vurderast sett opp mot om resipienten toler auka belastning som følgje av utviding, og at ikkje miljøkrav vert overskride. Tilstand til miljøet må beskrivast tilstrekkeleg til at det kan setjast ramme og føresegn til planen, og sikre at ikkje tolegrense vert overskride.</li><li>4. Andre relevante tema i tillegg til dei som er nemnd i planinitiativ, referat frå oppstartsmøte og politisk behandling vere støy, ljøs-forureining og busetnad i nærleiken.</li><li>5. ROS-analyse skal syne risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til arealbruken, og ev. endringar i slike forhold som følgje av planlagd bruk. Kommunen må ta stilling til kva som er akseptabel risiko for relevante tema, og gjere greie for og grunngje dette valet.</li></ol>	<ol style="list-style-type: none"><li>2. Rettleiar M-1941 - Konsekvensutreiing for klima og miljø vert nytta i planprosessen. Der ein finn det relevant er det supplert med andre rettleiarar.</li><li>3. Tilstand til miljøet er skildra tilstrekkeleg i KU til at rammer og føresegn er sett i planen, og sikrar at ikkje tolegrense vert overskride.</li><li>4. Er utgreia som del av planarbeidet.</li><li>5. Dette vert teken til orientering. Dette vert teken til orientering.</li></ol>	
--	---	---	--



6. Statsforvaltaren forventar at KU for planen vert grundig, og at alle relevante tema vert belyst på ein tilstrekkeleg god måte. Planområdet må verte vurdert i ein større økologisk samanheng, mellom anna mot andre miljøbelastningar i fjorden.

6. Dette er teken til orientering. Det er utarbeidd konsekvensutgreiing for naturmangfald i sjø, friluftsliv og støyrapport.

<p>Fiskarlaget Vest, dato 17.06.22k</p>	<p>1. Opplyser om at det i Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er registrert område for aktive og passive fiskereiskap, flere kaste- og låssettingsplassar (indikerer notfiske) i fjordområdet, samt oppvekst/beiteområde for blålange. Og at det blir fiska i område som ikkje er registrerte. Ein har t.d. «nye» fiskeri som leppefiske og fiske etter sjøkreps og hestmakrell.</p> <p>2. Ønskjer ikkje at det planlagde anlegget skal leggje beslag på område kor det blir fiska med not etter makrell og hestmakrell. Vil ikkje akseptere arealbeslag som vil hindre yrkesfiske som i dag foregår i området. Fortøyingar må difor avgrensast og ikkje strekke seg grunnare enn 200 m djupnekote i nordleg del av planlagt anlegg (Hestasteinen-området). Fester/lodd/anker må utformast slik at fiskereiskap ikkje heftar.</p> <p>3. Vil at område avsett til arealføremål akvakultur skal avgrensast til det faktiske området som vil bli beslaglagt av anlegget. Påpekar at det er snakk om ei relativt stor auke i arealbeslag både over og under vassoverflata, og stil spørsmål ved behovet for så stor anleggsauke. Område avsett til arealføremål akvakultur må avgrensast til det faktiske området som vil bli beslaglagt av anlegget.</p> <p>4. Føreset at det blir gjort ei grundig vurdering av innverknaden av tiltaket på det marine liv.</p> <p>5. Vil gjere merksam på at Fiskeridirektoratet og Fiskarlaget Vest ikkje har fått kommunedelplanen for Bjørnafjorden Vest til høyring frå kommunen. Fiskeridirektoratet har bede om at fiskarlaget (interesseorganisasjonar) får den til høyring med rimeleg</p>	<p>1. Dette er teken til orientering og utgreia i planarbeidet. Det er mellom anna utarbeidd ein konsekvensutgreiing for naturmangfald i sjø og friluftsliv.</p> <p>2. Plangrensa er sidan oppstart korta inn til faktisk behov, og er betydeleg mindre enn ved varsel om oppstart. Fortøyingsline og ankerfeste/oppankring skal liggje innanfor plangrensa.</p>  <p>Figur 1: Planforslag med illustrasjon av plassering av fôrflåte og anlegg med merdar med ankerfeste.</p>	<p>Dette er omtalt og vurdert i det vidare planarbeidet.</p> <p>Planområdet vil bli redusert til å dekke faktisk behov.</p>
---	---	---	---

	<p>frist grunna sommarferieavvikling. Desse sakane må sjåast i samanheng.</p> <p>6. Ein føreset at ein får saka til høyring i den vidare prosessen.</p>	<p>3. Planområdet skal ikkje dekke eit større areal enn naudsynt for anlegget, ankringssona og omsynssone for ras- og skred. Sjå og tidlegare kommentar som gjeld varsla plangrense ved oppstart.</p> <p>4. Det er utarbeidd ein konsekvensutgreiing for naturmangfald i sjø, som synar tiltakets verknad på marint liv.</p> <p>5. Merknader om høyring av kommunedelplan er noko Bjørnafjorden kommune må svara ut.</p> <p>6. Fiskarlaget Vest vil få tilsendt planforslag på høyring.</p>	
--	---	---	--

--	--	--	--